



1: Foto frå Kalis foto

# Kommunal planstrategi 2024-2027

## Nissedal kommune

Vedtatt i kommunestyresak 50/24 17.10.2024




## Innhald

1. Plan- og styringssystem .....	3
2. Plan- og bygningsloven § 10-1 Kommunal planstrategi .....	3
3. Prinsipp for planer .....	5
3.1 Plantyper .....	5
4. Evaluering av gjeldande planer .....	6
5. Nasjonale forventningar og regionale føringar .....	8
5.1 Nasjonale forventningar, vedtatt 20. juni 2023 .....	8
5.2 Regionale føringar Regional planstrategi (Telemarksplanen 2024-2028).....	8
6. Viktige planutfordringar framover .....	9
7. Fremtidig planbehov .....	10

Nissedal kommune er organisert per 24.05.2024 som vist på bilete under.



### ORGANISASJONSKART NISSEDAL KOMMUNE





## 1. Plan- og styringssystem

Plan- og bygningsloven og kommunelova stiller krav til kva styringsdokument kommunen skal ha; Planstrategi, kommuneplan (samfunns- og arealdel), økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap og årsmelding.

Kommunen er organisert i to hovudnivå: kommunedirektør med felles og stabsfunksjoner og tenesteeiningane: velferd, oppvekst og kultur og til sist teknisk drift. I tillegg samarbeider kommunen med andre kommunar om fleire andre tenester. Frå 01.01.2004 vart det eit interkommunalt samarbeid med Kviteseid kommune om plankontor og landbrukskontor. Kor Nissedal kommune fekk vertsansvar for plankontoret og Kviteseid kommune fekk vertsansvar for landbrukskontoret. Vidare er det eit samarbeid i Vest Telemark om barnevern, løn og NAV.

Kommunen har felles brannvern med kommunane Vinje, Tokke, Seljord, Kviteseid, Fyresdal. Vidare er det lokal beredskap med deltidstilsette for brannutrykking

## 2. Plan- og bygningsloven § 10-1 Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeida og vedta kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatta drøfting av det strategiske valet til kommunen knytt til

- Samfunnsutvikling,
- Herunder langsiktig arealbruk,
- Miljøutfordringar,
- Sektorenes verksemd,
- Vurdering av kommunens planbehov.

Ein planstrategi er eit dokument som gjer greie for det strategiske valet til kommunen knytt til utvikling av kommunesamfunnet og skal formast ut etter behovet i kvar enkelt kommune. Planstrategien er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for kommunen til å fastleggja det vidare planarbeidet.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhenta synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør også leggja opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for behandlinga. Prioriteringane i planstrategien byggjer på nasjonale og regionale føringar og den vedtekne samfunnsplanen til kommunen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før behandlinga til kommunestyret.




Ved behandlinga skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal reviderast, eller om planen skal førast vidare utan endringar. Kommunestyret skal under dette ta stilling til om det er behov for å setja i gang arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slåast saman med og vera ein del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen jf. Kapitel 11 i plan og bygningslova.

Ein planstrategi er eit dokument som gjer greie for det strategiske valet til kommunen knytt til utvikling av kommunesamfunnet og skal formast ut etter behovet i kvar enkelt kommune. Planstrategien er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for kommunen til å fastleggja det vidare planarbeidet.

Planstrategien er ikkje formelt bindande og kan endrast eller fråvikast viss det er gode grunnar for det. Større planoppgåver som blir avlyste bør likevel skje ved endring av planstrategien. Ein kommunal planstrategi har ikkje direkte rettsverknad i forhold til innbyggjarane, og gir ikkje heimel for å avslå søknader etter plan- og bygningslova.





### 3. Prinsipp for planer

I Nissedal kommune er det prinsipp ein skal følgja, når ein jobbar med planarbeid.

I byrjinga av planarbeidet skal det vera oppstartsmøte kor relevante partar frå kommunen bør vera med. Etter oppstartsmøte kan andre relevante partar kontaktast.

For Nissedal kommune er det viktig at planarbeid er inkluderande for innbyggjarane i kommunen.

Dette inneber at ein vil ha synspunkt frå innbyggjarar og at sårbare grupper som barn og unge vil bli spesielt tekne hand om. Det er også viktig at dei planane som blir laga blir brukte av innbyggjarar og tilsette. Det er derfor planane i Nissedal skal vera korte og konsise og laga med openheit i tankane.

#### 3.1 Plantypar

Planer etter plan- og bygningsloven:

##### Kommuneplanen

Kommuneplanen er overordna til kommunen styringsdokument og gir rammar for utvikling av kommunesamfunnet og forvaltninga av arealressursane.

I kommuneplanen inngår ein samfunnsdel (2020-2031) og ein arealdel med føresegner.

Kommuneplanens arealdel (2021-2032) vart vedteken 25.03.2021.

Målsetjingar og strategiar frå samfunnsdelen blir konkretiserte gjennom arealdelen og handlingsplanen til kommunen, i Nissedal kommune kalla Økonomiplan (budsjettet) og handlingsprogram (4 år).

##### Kommunedelplan

Kommunedelplan ei nemning på ein plan for eit bestemt område, tema eller verksemdsområde. Det kan også utarbeidast kommunedelplanar for arealbruk. Det er kommunestyret som avgjer om det skal setjast i gang arbeid med ein separat kommunedelplan, ev. at det aktuelle temaet i staden blir teke opp som eit tema innanfor ein samla kommuneplan.

##### Reguleringsplan

Ein reguleringsplan er eit detaljert arealplankart med føresegner for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader. Reguleringsplanar skal vedtakast av kommunestyret, men kan utarbeidast både av offentlege og i nokre tilfelle også private aktørar. Det finst to typar reguleringsplanar; områderegulering og detaljregulering.

##### Tema og handlingsplaner

Ein tema- eller handlingsplan er utarbeidd for å vareta eit bestemt fagområde eller tema eller for å konkretisera handlingar for å oppnå ønskte mål. Fleire av desse planane må kommunen utvikla på bakgrunn av lovkrav, andre blir utarbeidde for å sikra juridisk heimel i forvaltninga. Ein del planar trengst for å utløysa tilskot og brukast for statleg og fylkeskommunal prioritering av midlar.

Nokon oppstår på grunn av politiske eller administrative behov. Ofte må fleire einingar/sektorar samarbeida på tvers for å vareta eit tema. Målsetjingar og strategiar i temaplanane skal ta omsyn til kommuneplanen og vera innanfor realistiske økonomiske rammer ihht Økonomiplan (budsjettet) og handlingsprogram.



#### 4. Evaluering av gjeldende planer

Overordna planer	2020	2021	2022	2023	Vedtatt	Status
Planstrategi		x			2021	
Kommuneplanens samfunnsdel	x				2020	
Kommuneplanens arealdel	x				2020	Trenger mindre endringer
Økonomiplan	x	x	x	X	2023	Vedtatt alle år
Budsjett	x	x	x	x	2023	Vedtatt alle år
Overordna beredskapsplan				x	2023	Rullering 2027
Heilskapleg ROS-analyse				x	2023	Rullering 2027
Atomberedskapsplan				X	2023	Rullering 2027
Handlingsplan for trafikksikring						
Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune					2014	Skal reviderast kvart 4 år
Klimaplan for Vest-Telemark			x		2022	
Plan for helse- og sosial beredskap				x	2023	Ikkje behov for rullering
Plan for miljøretta helsevern				x	2023	Rullering 2027
Smittevernplan				x	2023	Rullering 2027
Pandemiplan				x	2023	Rullering 2027
Strategisk næringsplan					2013	Planarbeid starta

Eining oppvekst og kultur	2020	2021	2022	2023	Vedtatt	Status
Plan for den kulturelle skulesekken		x				
Leseplan for 1. – 10. steg						Ikkje lenger politisk plan
Plan for elevane sitt psykososiale miljø		x			2021	Endra namn til «Plan for det gode liv»
Plan for overgangar « får eldst til yngst»		x			2021	
Plan for heim/skule samarbeid for Tveit skule/Nissedal ungdomskule		x				
Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular			x			
Plan for tilsyn med barnehagene					2018?	Under arbeid
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet						
Plan for busetting og integrering av flyktningar					2015	

Eining landbruk	2020	2021	2022	2023	Vedtatt	Status
Landbruksplan						
Hjorteviltplan for Nissedal						

Eining teknisk	2020	2021	2022	2023	Vedtatt	Status
Hovudplan for vatn og avlaup 2017 - 2027					2017	



Eining velferd	2020	2021	2022	2023	Vedtatt	Status
Omsorgsplan 2022 - 2040			x		2022	Skal rullerast
Overordna oppvekstplan for Vest-Telemark				x	2023	
Bustadsosial handlingsplan						Planarbeid starta
Rusmiddelpolitisk handlingsplan						
Plan for barne- og ungdomshelsetenesta						

Eining plan	2020	2021	2022	2023	Vedtatt	Status
Kommunale reguleringsplaner						Vedtatt fortløpande
Private reguleringsplaner						Vedtatt fortløpande
Kommunedelplan(KDP) for Kyrkjebygdheia					2017	
KDP for Kyrkjebygda					2014	Bør starte rullering
KDP for Treungen sentrum					2015	Planarbeid starta
KDP for Gautefallheia					2014	Bør starte rullering
KDP for Felle					2014	Bør starte rullering



## FNs BEREKRAFTSMÅL







## 5. Nasjonale forventningar og regionale føringar

### 5.1 Nasjonale forventningar, vedtatt 20. juni 2023

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Dokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Fylkeskommunane og kommunane har ansvar for å finna heilskaplege løysingar, der lokale forhold og lokalpolitiske interesser og omsyn blir varetekne. Dokumentet er ikkje uttømmmande for alle oppgåver og omsyn som skal varetakast etter plan- og bygningslova, og må derfor sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing.

Regjeringas forventning til kommunane:

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerhet og beredskap

FNs berekraftsmål for 2030 skal liggja til grunn for planlegginga i kommunane.

### 5.2 Regionale føringar, Regional planstrategi (Telemarksplanen 2024-2028)

Telemarksplanen er den regionale planstrategien i Telemark. Denne strategien tar for seg de langsiktige planene og strategiene for Telemark, og viser val og prioriteringer. I denne valgperioden 2024 – 2028 er det følgende satsinger og mål som er valgt.

- Satsinger og mål
  - Inkluderende Telemark
    - Alle skal gjennomføre videregående opplæring på sitt nivå. Telemark skal møte fremtidens kompetansebehov
    - Redusere sosial ulikhet i helse
    - Skape kompakte og levende byer og bygder med høy kvalitet
  - Skapende Telemark
    - Produsere meir fornybar energi og auke nettkapasiteten
    - Gjøre fylket meir attraktivt for bedrifter, besøkende og som bosted
    - Prioritere vedlikehold og fornyelse av dagens fylkesveger
  - Naturreike Telemark
    - Bevare natur-, jordbruks- og kulturverdier
    - Gjennomføre en raskere omstilling til et lavutslippssamfunn
    - Satse på grøn verdiskaping og sirkulær økonomi

### 5.3 Nytt lovverk (Boligsosialloven)

Den 12. desember 2022 vedtok Stortinget «Lov om kommunens ansvar på det boligsosiale feltet» også kalla Boligsosialloven. Denne lova tredde i kraft 1.juli 2023. Formålet med lova er å førebyggja bustadsosiale utfordringar og å bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffa seg og behalda ein eigna bustad.





Kommunen skal ha ei oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Oversikta skal inngå som grunnlag for planstrategien til kommunen etter plan og bygningslova § 10-1.

Samtidig er koplinga til planstrategien og kommuneplanen eit nytt krav frå nasjonale styresmakter, og det er tydeleg at bustadsosiale omsyn skal inn i alle fasar av planlegginga. I ny lov er det gitt ein overgangsregel: krava til ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte som grunnlag for planstrategien skal vera oppfylt seinast 1.juli 2027.

## 6. Viktige planutfordringar framover

Utgangspunktet for å vurdere planbehovet dei neste fire åra, er dei utfordringane kommunen står framfor, både som arbeidsgjevar, tenesteytar og som samfunnsutviklar.

Etter ein «lang» pandemitid med mykje heimekontor og isolering, har det vorte endra arbeidsvanar og prioriteringar. Dette ved at hytta vart brukt for å komma seg vekk frå byane for å kunna komma seg meir ut. Dette innebar at dei kommunale tenestene frå IKT til helse fekk testa seg då dei vart brukte meir, og ut frå det fekk Nissedal kommune teikn på område som kunne forberast.

I Nissedal kommune har det vore ein liten vekst i befolkninga sidan 2021 og me er nesten tilbake på innbyggartalet som var i 2017. Dette er eit vanleg problem i mindre kommunar at det anten er ein svak auke av befolkninga eller at ho er stagnert. Nissedal kommune vil jobba for at befolkninga vil auka meir enn den det gjer. Dette ved å gjera kommunen attraktiv for innflyttarar, ta vare på dei innbyggjarane som allereie er her og busetjing av flyktningar.

I Nissedal er det mykje unik natur med polert svaberg, store skog- og myrarealer og villrein område. For Nissedal vil det vera viktig å ta vare på denne naturen. Ikkje berre fordi kommunen er med på å nå FN's berekraftsmål, men fordi det er dette som gjer Nissedal unikt og tiltrekkjande.

For Nissedal vil det vera viktig å balansera forholdet mellom næringslivet sitt behov for areal ved mellom anna hyttebygging og det å ta vare på den naturen som gjer at ein vil byggja hytter og gjer Nissedal attraktiv.

Ei utfordring i heile Noreg er ein aldrande befolkning samstundes med at ein får færre yrkesaktive. Dette gjeld au for Nissedal kommune. Fram mot 2040 vil ein ha ein dobling i antal personar over 80 år. I same periode vil me få over ein dobling av antal personar med ein demensdiagnose. For å klare å møte desse utfordringane er det viktig å jobbe framtidsretta og systematisk med tiltak, slik at me au i framtida kan levere gode helse- og omsorgstenester til innbyggjarar i Nissedal kommune.



## 7. Framtidig planbehov

Overordna planer	2024	2025	2026	2027	Plan sist vedtatt	Status
Planstrategi		x			2021	
Kommuneplanens samfunnsdel	x				2020	
Kommuneplanens arealdel	x				2020	Trenger mindre endringer
Økonomiplan	x	x	x	X	2023	Vedtatt alle år
Budsjett	x	x	x	x	2023	Vedtatt alle år
Overordna beredskapsplan				x	2023	Rullering 2027
Heilskapleg ROS-analyse				x	2023	Rullering 2027
Atomberedskapsplan				X	2023	Rullering 2027
Handlingsplan for trafikksikring						Rullerast annakvart år
Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune		x			2014	Rullerast kvart 4 år
Klimaplan for Vest-Telemark			x		2022	
Plan for helse- og sosial beredskap				x	2023	Ikkje behov for rullering
Plan for miljøretta helsevern				x	2023	Rullering 2027
Smittevernplan				x	2023	Rullering 2027
Pandemiplan				x	2023	Rullering 2027
Plan for digitalisering (digitaliseringsstrategi)						Mogleg samarbeid i Vest -Telemark
Strategisk næringsplan/ Omstillingsplan	x				2013	Planarbeid starta

Eining oppvekst og kultur	2024	2025	2026	2027	Plan sist vedtatt	Status
Plan for den kulturelle skulesekken		x				
Plan for barne- og ungdomshelsetenesta						
Plan for det gode liv		x			2021	Heit tidligare «Plan for elevane sitt psykososiale miljø»
Plan for overgangar « får eldst til yngst»		x			2021	
Plan for heim/skule samarbeid for Tveit skule/Nissedal ungdomskule	x					
Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular			x			
Plan for tilsyn med barnehagane					2018?	Under arbeid
Plan for heim/skulesamarbeid ved Kyrkjebygda oppvekstsenter			x		2022	
Trafikkopplæringsplan for skulane i Nissedal kommunen			x		2022	
Beredskapsplaner oppvekst og kultur		x			2021	



Eining landbruk	2024	2025	2026	2027	Plan sist vedtatt	Status
Landbruksplan						Skal rulleres i planperiode
Hjorteviltplan for Nissedal						Skal rulleres i planperiode
Plan for bruk av Nisser						Skal rulleres i planperiode

Eining teknisk	2024	2025	2026	2027	Plan sist vedtatt	Status
Hovudplan for vatn og avlaup 2017 - 2027					2017	
Strategi for formålsbygg			x			Ny plan/strategi
Strategi for utleigebustad		x				Ny plan/strategi
Strategi for kommunale bruer			x			Ny plan/strategi
Strategi for veivedlikehold				x		Ny plan/strategi

Eining velferd	2024	2025	2026	2027	Plan sist vedtatt	Status
Omsorgsplan 2022 - 2040	x				2022	Rullering 2024
Bustadsosial handlingsplan		x				Planoppstart starta
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	x					Rullering 2024
Demensplan		x				
Kompetanseplan	x					Planoppstart 2024
Plan for habiliteringstjenesten		x				Planoppstart 2025
HMS plan	x				2024	Vedtatt 2024

Eining plan	2024	2025	2026	2027	Plan sist vedtatt	Status
Kommunale reguleringsplaner						Vedtas fortløpande
Reguleringsplan Langmoen		x				Planoppstart 2024
Private reguleringsplaner						Vedtas fortløpande
Kommunedelplan(KDP) for Kyrkjebygdheia				x	2017	Planoppstart 2026
KDP for Kyrkjebygda					2014	Planoppstart 2027
KDP for Treungen sentrum	x				2015	Planoppstart 2022
KDP for Gautefallheia			x		2014	Planoppstart 2025
KDP for Felle					2014	
Plan for Naturmangfold		x				Planoppstart 2025